



Husnes: 30.03.2015

Hordaland fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga

### **Kommentar til prognoseinntaket 2015-16, Kvinnherad vidaregåande skule.**

#### **VG1 BYGG- OG ANLEGGSTEKNIKK / VG2 BYGGTEKNIKK**

---

Vg1 Bygg- og anleggsteknikk: Prognosen viser 11 primærskolar med ungdomsrett og 4 andre skolar. Rektor tilrår ein klasse på VG1-nivå.

Vg2 Byggteknikk: Prognosen viser 8 primærskolar og ein annan skole. Skoleåret er noko lågt men tilstrekkeleg til å sikre økonomisk bærekraft og ein ser VG1 og VG2 under eitt.

Rektor meiner det samla sett er grunnlag for å oppretthalde både VG1- og VG2- klassane innan programområdet.

#### **VG1 ELEKTROFAG / VG2 ELENERGI**

---

VG1: Det er samla 20 skolar til 12 plassar. Rektor tilrår 1 klasse på VG1-nivå.

VG2: Prognosen viser 11 til 12 elevar på VG2-nivå. Det er tilstrekkeleg grunnlag for 1 klasse.

#### **VG1 HELSE OG OPPVEKSTFAG / VG2 HELSEARBEIDARFAG / VG2 BARNE OG UNGDOMSARBEIDARFAG**

---

VG1: Prognosen viser 33 primærskolar til 30 plassar. I tillegg er det 4 skolar til ei gruppe med redusert elevtal innan same programområde, denne klassen vil ut frå rektor sin kjennskap auke med ein til to elevar fram inntak. Rektor tilrår to klassar med 15 elevar i kvar klasse og ei gruppe med redusert elevtal med plass til inntil 8 elevar.

#### **VG2 HELSEARBEIDARFAG**

Vi har dette året ein klasse helsearbeidarfag, med plass til 15 elevar. Vi har kapasitet til å auke med ein klasse til innan fagområde dersom det totale skoleåret kjem over 24 skolar. 20 skolar er noko lågt til at dette vert økonomisk forsvarleg. Rektor tilrår ein klasse med 15 plassar ut frå dagens skoleår.

#### **VG2 BARNE OG UNGDOMSARBEIDARFAG**

Prognosen viser 15 skolar til 1 klasse med 15 plassar. Det er er god balanse mellom tal skolar og kapasitet.



## VG1 RESTURANT OG MATFAG

---

Prognosen syner 4 søkjarar med ungdomsrett og 2 søkjarar til HT-gruppe. Søkjarane til HT-gruppa har ikkje RM som fyrsteval. Ut frå rektor si vurdering er det såleis reelt fire søkjarar til tilbodet. Som skule er vi avhengig av å minst ha åtte elevar i klassen for ha økonomisk bærekraft i tilbodet. Dersom det i det vidare arbeidet med inntaket viser at elevtalet kjem til å auke opp mot denne grensa, bør tilbodet vurderast på nytt elles ser vi ikkje anna moglegheit enn å tilrå at tilbodet ikkje vert gjeve dette skuleåret.

## VG1 SERVICE OG SAMFERDSLE / VG2 SAL, SERVICE OG TRYGGLEIK

---

VG1: I prognoseinntaket er det teke inn 14 elevar, der 5 er primærsøkjarar. Søkjartala er noko usikre, men det har i inntaket tidlegare år vist seg at liknande prognosar har gjeve eit elevtal på over 10 elevar. Rektor tilrår at tilbodet vert oppretthalde med inntil 15 plassar.

VG2: I prognosen er det teke inn 11 elevar. Vi har kapasitet til 15 elevar men 11 søkjarar vert vurdert som tilstrekkeleg søkjartal til å oppretthalde tilbodet. Rektor tilrår ein klasse med inntil 15 plassar.

## VG1 TEKNIKK OG INDUSTRIELL PRODUKSJON / VG2 INDUSTRIEKNOLOGI

---

VG1: Ved KVV har vi i dag to ordinære TIP-klassar med plass til 28 elevar og ein klasse med redusert elevtal med inntil 8 plassar. I prognosen er det 35 søkjarar til ordinært VG1 og 4 søkjarar til klassen med redusert elevtal. Erfaringar frå tidlegare år tilseier at elevtalet innan gruppa med redusert elevtal plar gå opp med ein til to elevar.

VG2: Prognosen syner 13 primærsøkjarar og 15 søkjarar til 15 plassar totalt innan Industriteknologi. Det er god balanse i søkjarar sett opp mot tal plassar.

Rektor tilrår at dagens tilbod med 2 ordinære + 1 klasse med redusert elevtal, og ein klasse på VG2-nivå vert vidareført.

## VG1 , VG2, VG3 UTDANNINGSPROGRAM FOR STUDIESPESIALISERING

---

Prognosen syner greie søkjartal på alle nivå vurdert opp mot dagens nivå med to klassar på kvart trinn. Fordelinga av søkjarar mellom Realfag og Språk, samfunnsfag og økonomi, passar godt inn i skulen sitt programfagstilbod. Som skulen har vi kapasitet på inntil 62 elevar på kvart nivå.



PBPBY3---- PÅBYGGING TIL GENERELL STUDIEKOMPETANSE

---

Prognosen viser noko usikre søkjartal i høve til å oppretthalde dagens struktur med to klassar. I prognosen for skuleåret 14/15 hadde vi 53 primærsøkjjarar til påbygg. Prognosen for 15/16 syner 30 primærsøkjjarar. Som skule bør vi minimum ha 46 elevar ved skulestart for å kunne forsvare økonomien i eit tilbod med to klassar. Rektor si vurdering er at dagens søkjartal innehar stor usikkerheit rundt kva som vert endeleg elevtal. Ut frå denne vurderinga sett opp mot økonomisk bærekraft, tilrår rektor ein klasse med 30 elevplassar.

Dersom det i inntaket viser seg at elevtalet vil bli markant høgare enn det som framkjem i prognosen, er vi som skule innstilt på å arbeide for å få til to klassar.

Audun Bjelland

Rektor Kvinnherad vidaregåande skule